



# Skjåk kommune

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår ref  
2017/6/21/033

Dykkar ref:  
«REF»

Saksbehandlar  
Andrea Brennhaug

Dato  
15.12.2017

andrea.brennhaug@skjaak.kommune.no

## Referat frå møte i Brukarrådet den 15. desember 2017

Møtestad: Bispen

Møtetid: 09:00 – 11:00

Forfall: Monica Wegner, Mari Langleite Barrusten

Varamenn som møtte: Else Brandsar og Ola Haugen

Referent: Andrea Brennhaug

Sak nr. 30/17: Godkjenning av innkalling og sakliste. Godkjenning av referat.
Sak nr. 31/17: Orientering om service på legekontoret, venterom til jordmor.
Sak nr. 32/17: Budsjett 2017.
Sak nr. 33/17: Møteplan for 1. halvår 2017.

Sak nr. 30/17  
Ingen merknad

Sak nr. 31/17

Hilde Reitan orienterte om kva som er gjort i høve e-portal og service på legekontoret.

- Det er lagt inn to nye meny punkt på heimesida, der ein f.eks kan gå inn å bestille legetime hos fastlegen sin. Ei svakheit er at ein ikkje får bestilt time hos annan lege enn fastlegen.
- Ein kan og skifte fastlege.

Elles så kom det fram at det kan vera lang ventetid på telefon, men det var semje om at det var gjort ein svært god jobb av personalet ved legekontoret – dei svarar så fort dei kan ut i frå dei personalressursane dei har.

Postadresse  
Moavegen 30  
2690 Skjåk

Heimeside  
www.skjaak.kommune.no  
E-post  
post@skjaak.kommune.no

Telefon  
61217000

Bank  
2085.07.40004  
Org.nr  
961381096



Reidun spurte om kvifor dei gravide må sitje i gangen å vente på jordmor. Hilde tok med seg spørsmålet og meinte at det er heilt unødvendig. Ein har venterommet til helsestasjon like ved, og så har ein venterommet til legane som kan nyttast.

Hilde har lagt inn eit ynskje om renovering av venterommet for legane i budsjettet for 2018.

Etter ynskje frå Brukarrådet orienterte Hilde om budsjettet for hennar område, og særleg da om nedskjæringane.

Brukarrådet meiner at det er svært negativt at kreftkoordinator blir fjerna. Dette blir medteke i kommentarane som Brukarrådet kjem med i budsjettsaka.

Brukarrådet takka for ei fin orientering frå Hilde, og ytra ynskje om å kanskje få faste orienteringar frå henne, og kanskje da saman med eldrerådet. Hilde var positiv til dette.

Sak nr 32/17

Brukarrådet har gått gjennom budsjettet og har fylgjande punkt dei vil kommentere:

- Kreftkoordinator bør vidareførast.
- Ruskoordinator bør vidareførast.
- Brukarstyrt personleg assistanse bør ikkje reduserast.
- Ungdomsklubben må bevarast.
- Det er viktig at det blir arbeidt med felles NAV leiar for Vågå, Lom og Skjåk.

Brukarrådet ser desse punkta som svært viktige i høve deira arbeid, og håpar at kommunestyret tek hensyn til dette innspelet i budsjetthandsaminga.

Sak nr. 33/17

Brukarrådet set opp den 12. januar som neste møtedato.

Ein vil da sjå om det er høve til å samarbeide med eldrerådet ang. nokre felles møte neste år.

I den samanhengen kom det og fram at det hadde vore veldig fint med felles orientering frå Hilde Reitan om hennar sektor nokre gonger i året.

Brukarrådet ynskjer ei befarings på nyskulen den 12. januar.

Kopi til:  
Hilde Reitan  
Svein Holen